

Informasjon til føresette for elevar ved Volda vgs. nr. 2, 23.03.2020

Skulen er stengt for undervising til og med fredag 27.3, og vi driv heimeundervising i staden.

I morgon, tysdag 24.3, varslar regjeringa om dei ev. vil kome med nye vedtak for å avgrense spreinga av koronaviruset. Det kan t.d. vere å forlengje heimeundervisingsperioden til påske.

Inngangsdørene er stengt, men ekspedisjonen på øvre bygg vil vere bemanna kvardagar mellom klokka 09.00 og 15.00. Du kjem i kontakt med personalet ved å ringe 71 28 23 00, og dei vil møte deg i døra.

Vi har per. i dag ikkje fått melding om at nokon av våre elevar eller tilsette er smitta av koronaviruset.

I perioden fram til 27.3 ønskjer skulen beskjed dersom nokon av elevane får påvist koronasmitte. Då gjer skulen ei vurdering saman med helseapparatet om, og ev. korleis, vi skal gjennomføre varsling av medelevar/føresette om smittetilfellet, for å motverke ytterlegare spreing.

Informasjonsbehovet

Dette brevet vil vonaleg gi god informasjon til de som foreldre og føresette.

Vi viser også til dokumentet [Ofte Stilte Spørsmål](#) (OSS) som vil vere oppdatert i sanntid. Det finn de på heimesida vår, saman med annan relevant informasjon: volda.vgs.no

Dersom de likevel lurar på noko, så ta kontakt med skulen. Sjå kontaktinformasjonen nedst i dette brevet.

Læremiddel til heimebruk

Vi trur no at alle elevane har fått henta heim læremiddel dei har hatt på skulen, men det er framleis mogeleg å kome på skulen dersom ein har gløymt noko eller vil låne på biblioteket. Ta i så fall kontakt med skulen på førehand. NB! Dette gjeld berre friske personar. Er ein sjuk, så send ein som er frisk.

Heimeundervising

Første veka er unnagjort, og denne veka følgjer vi planen for veke B.

- Som før finn elevane det dei skal gjere av læringsarbeid i **Arbeidsplanane** som lærarane deler med gruppa si.
- Det er sett opp **to fagøktar pr. dag**, kl. 08:15 til 11:30, og frå kl. 12:00 til 15:00. Det er ein fordel å få kunne konsentrere seg om færre fag pr. dag, og i løpet av to-vekersperioden vil elevane ha fått undervising i alle faga dei har.
- I tillegg har elevane ein «**klassens time**» i veka, med sin kontaktlærer.
- Fagøktene er romslege, som gir moglegheit for **varierte læringsaktivitetar**. Lærarane vekslar mellom online munnleg (og visuell) kontakt med elevar/elevgrupper, formidlingsundervising av lærestoff, framsyning av læringsvideoar, lesing og arbeid med lærestoff på eiga hand, skriving av svar på arbeidsoppgåver, skriving av faglogg som vert levert inn osv. Lærarane passar også på at det vert høveleg med pausar i øktene, at dei er tilgjengeleg for kontakt, og at arbeidsmengda er høveleg i forhold til tidsressursen.

Vidare vert det gjort **individuelle tilpassingar** i forhold til einskildelevar, t.d. at ein etter avtale kan gjere fagarbeid i eit anna tidsrom enn den oppsette fagøkta.

- Elevane har nok no meir **skriftleg** læringsaktivitet enn til vanleg. Det kan sjåast på som positivt, i og med at elevane får meir skrivetrening. Men vi veit óg at mange elevar synest dette er meir strevsamt. Difor vil lærarane vere på tilbodssida dersom ein ynskjer å synleggjere fagkompetansen sin munnleg i staden for skriftleg.
- Heimeundervisingsplanen legg også til rette for at timar med **spesialundervising** og **særskild språkoppføring** vert gjennomført, men ikkje i så stort volum som ordinært. På sikt kjem vi til å vurdere å tilføre meir undervising til desse elevgruppene dersom det er behov for det.

- Fredag vart det gjennomført ei **spørjeundersøking mot elevane** om korleis dei opplever heimeundervisninga. Ca 3/5-deler av elevane svarte, og gjennomgåande har vi fått positive tilbakemeldingar. Likevel ser vi at vi kan bli betre på dette:
 - Klår informasjon på førehand frå lærarane om kva som skal skje i dei ulike fagøktene
 - Nokre elevar melder også at dei synest arbeidsmengda er for stor, at det vert mykje skriving og mykje som skal leverast inn.Dette skal vi få til betre i den veka vi no er inne i.

Resultata av undersøkinga vil de kunne opne og sjå på [nettstaden](#) til Volda vgs.

Vurdering

I heimeundervisingsperioden må vi også gjennomføre vurderinga av elevane. Skulen skal framleis oppfylle kravet i §3.1 i *Forskrift til opplæringslova* om elevane sin rett til vurdering, og leggje til rette for det. Hovudmålet er å sikre eit rettvist vurderingsgrunnlag for å setje standpunktkarakter. Det kan bli ein situasjon at eksamen vert avlyst, og at standpunktkarakteren vert den einaste sluttvurderinga i fag eleven vil få på vitnemålet.

Men vurderingane må naturleg nok gjerast heime, og difor må lærarane nytte seg av andre vurderingsformer enn tidlegare, alt etter kva fag det er snakk om. Det vert nytta både munnlege og skriftlege prøveformer. Lærarane gir også respons til elevane undervegs i arbeidsprosessane, slik at dei skal få kunne levere frå seg eit godt produkt.

Vi gjer merksam på at talet vurderingspunkt er monaleg redusert fram til påskeferien, i forhold til opphøveleg plan. Ingen klasser har meir enn to prøvesituasjonar pr. veke.

Dersom ein elev ikkje deltek på avtala prøver, ikkje leverer arbeid som skal vurderast og liknande, vil det medføre ordensmerknad og ev. fare for karaktergrunnlaget i faget. I så fall vil ein får eit skriftleg varsel, som rutinen elles er. Unntak er sjølv sagt ved sjukdom eller andre gode grunnar. Ein tek då kontakt med faglærer, helst på førehand.

Ny prøveplan er publisert for elevane på læringsplattforma *itslearning*.

Elevane sin sosiale situasjon

Vi er no i ein sosial unntakstilstand, som for mange kan opplevast som ei belastning, både unge og vaksne. Vi veit at mange opplever den daglege kontakten med medelevar og lærarar på skulen som noko positivt. Vi som skule er innstilte på å ha god kontakt med elevane våre i denne perioden, sjølv om den vert vanskeleggjort. Elevane skal vite at dei kan ta kontakt med oss både om sosiale og faglege forhold, som dei gjer elles i skulekvardagen. Både kontaktlærarane og rådgjevarane sine funksjonar overfor elevane held fram som før.

Vi ber også føresette og foreldre ha ekstra merksemd på inkludering/utestenging av ungdommar, i situasjonen som er.

Hybelbuarar

Volda vgs har skaffa seg oversikt over alle som bur på hybel, og om dei har reist heim eller ikkje. Vi vil berre oppmode elevar og føresette om at elevane bur heime denne spesielle perioden. Dersom elevar under 18 år framleis er på hybelen sin, vil skulen ha beskjed om det, enten via kontaktlærer eller direkte til adressene som står under her.

Samarbeid skule – heim

Når elevane skal ha skule heime, seier det seg at samarbeidet mellom skule og heim skal vere best mogeleg. Blant anna difor sender vi ut eit nytt brev til foreldre og føresette (som du les no), med ny og relevant informasjon. Men noko av det vi formidla i førre brev, vert gjentatt her.

Det viktigaste heimen kan gjere er å legge til rette for at eleven har ein god arbeidssituasjon. Så veit vi at det kan vere vanskeleg å få til, alle dagar. Merk då at eleven kan gjere arbeidet sitt til andre tider enn i oppsette fagøkter, etter avtale med faglærar. Det er berre å ta kontakt, elev og/eller forelder/føresett. Vi er merksame på at heimeundervisings-situasjonen krev endå meir individuell tilpassing, og er innstilte på det.

Gi oss tilbakemelding, så får vi det til i lag!

Kontakt med skulen

Skuleleiing og kontorpersonale vil i hovudsak ha heimekontor, men det vil og vere personale tilgjengeleg på arbeidsstaden

For e-post, bruk denne adressa: volda.vgs@mrfylke.no Oppgi naudsynt kontaktinformasjon, og be om stadfesting av at e-posten er mottatt og lest.

Om det du vil formidle er at meir konfidensiell karakter, så kan du sende dette på e-post til rektor (trond.hjelseth@mrfylke.no), med kopi til assisterande rektor (jan.terje.eidset@mrfylke.no).

Kontaktinformasjon Volda vgs:

Telefon sentralbord: 71 28 23 00 / e-post: volda.vgs@mrfylke.no

Heimeside på internett: volda.vgs.no

Facebookside: [volda vidaregåande skule - off.side](https://www.facebook.com/volda.vidaregaaende.skule-off.side)

Kontaktinformasjon skuleleiing, med relevante ansvarsområde:

Rektor Trond Hjelseth: 90 70 71 46 / trond.hjelseth@mrfylke.no

Leiar lokal beredskapsgruppe og kontaktpunkt i høve alle involverte instansar.

Ass. rektor Jan Terje Eidset: 47 85 62 79 / jan.terje.eidset@mrfylke.no

Ansvarleg for timeplanlegging/overordna ansvarleg for organisering av læringsarbeidet.

Avdelingsleiar Jørund Fet: 41 27 65 48 / jorund.fet@mrfylke.no

Ansvarleg for trygging av vurderingsarbeidet.

Avdelingsleiar Kristin Bakke Sæterås: 91 56 97 05 / kristin.bakke.seteras@mrfylke.no

Ansvarleg for koordinering av all tilrettelegd opplæring.

Avdelingsleiar Lisbet Ose: 47 85 12 20 / lisbet.ose@mrfylke.no

Ansvarleg for vitnemål og eksamen

Avdelingsleiar Olav Trandal: 90 67 48 85 / olav.trandal@mrfylke.no

Ansvarleg for HMS, IT- og drift

Rådgevarar (sosialpedagogisk rettleiing):

Randi Kalland: 41 41 12 02 / randi.kalland@mrfylke.no

Kristian Ingebrigtsen: 95 70 57 21 / kristian.soma.ingebriigtsen@mrfylke.no

23. mars 2020

Skuleleiinga ved Volda vidaregåande skule